



Arkivnr: 2014/1230-209

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland		28.11.2017

**Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. november 2017****Samandrag**

Det vart i Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2017 sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Tidlegare i år har FTU tildelt 24 arrangement tilskot, med ein total tilskotssum på 853.000 kr. Det er tidlegare varsle at ein må nyte noko av mindreforbruket (260 000 kr) til tilskotsordninga «Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar» i denne tilskotsordninga i 2017, og «Diverseposten» må også nyttast noko av i denne tildelinga i november.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. november 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

Søkjar	Søknadssum	Tilskotssum
Ettertankens dag Hordaland	90 000	90 000
Bømlo vidaregåande	17 750	10 000
Bømlo kommune	36 000	30 000
Os kommune	75 000	60 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement 2017 - Os kommune
- 2 Søknadsskjema 2017. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - Bømlo kommune
- 3 Søknadsskjema 2017. Ettertankens Dag Hordaland - minnemarkering 2018
- 4 SøknadTrafikksikringstilskotBømlovgs

## Fylkesrådmannen, 01.11.2017

Det vart i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2017 sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Tidlegare i år har FTU tildelt 24 arrangement tilskot, med ein total tilskotssum på 853.000 kr. Det er tidlegare varsle at ein må nyte noko av mindreforbruket (260 000 kr) til tilskotsordninga «Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar» i denne tilskotsordninga i 2017, og «Diverseposten» må også nyttast noko av i denne tildelinga i november.

### Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist tre gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjera.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

### Oversikt over søknadane av 1. november 2017

	<b>Søkjar</b>	<b>Type arr.</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Totalkostnad</b>	<b>Tilskot</b>	<b>Krav om eigenandel</b>
a	Ettertankens dag Hordaland	TS-arr.	90 000	270 000	90 000	X
b	Bømlo vidaregåande	Refleks	17 750	17 750	10 000	
c	Bømlo kommune	Refleks	36 000	30 000	30 000	
d	Os kommune	TS-arr.	75 000	100 000	60 000	X

#### a) Ettertankens dag i Hordaland, Minnemarkering

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot på 90 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 270 000 kr. Dette er eit tverrfagleg minnearrangement for omkomne i trafikken. Arrangementet finn stad i Bergen sentrum 1. februar 2018, og er og ope for alle. Ein startar med ei samling, og deretter vert det fakkeltog gjennom sentrum frå Bergen rådhus til Korskirken. Det står svært mange samarbeidspartnerar bak dette arrangementet. Søkjaren vart i 2016 tildelt 100 000 kr til tilsvarende arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 90 000 kr.

#### b) Bømlo vidaregåande skule

Bømlo vidaregåande skule søker om 17 750 kr til å setje fokus på trafikktryggleik spesielt retta mot mopedførarar (elevar). Det vert opplyst om at midlane skal gå til refleksvestar og gjennomføring. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på 10 000 kr.

#### c) Bømlo kommune

Bømlo kommune søker om tilskot på 30 000 kr til å markere refleksdagen hausten 2017. Totalkostnaden for arrangementet er 36 000 kr. Det vert opplyst at tilskotsmidlane frå FTU skal gå til innkjøp av reflekseffektar og leige av kulturhuset. Tiltaket har eit bra fokus, og vil famne alle generasjonar. Særleg

positivt er det at ein har ei kopling til vaksenopplæringssenteret. Søkjaren vart i 2016 tildelt 30 000 kr til tilsvarende arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

*d) Os kommune*

Os kommune søker om tilskot på 75 000 kr til trafikksikringsdag for 1.-5. og 10. trinn. Totalkostnaden for arrangementet er 100 000 kr. Det vert opplyst at tilskotsmidlane frå FTU skal gå til leige av lokale, teknisk utstyr, buss og servering. Mange ulike trafikksikringsaktørar bidreg. Søkjaren vart i 2016 tildelt 55 000 kr til tilsvarende arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 60 000 kr.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Generelt kan synast som ein del av tilskotsmidlane skal nyttast til å gjennomføre arrangementet, framfor sjølve trafikksikringsdelen. Samstundes er det haldningsskapande trafikksikringsarbeid eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane.

Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Fylkesrådmannen rår til at fire søkerane vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 190 000 kr. Det er tidlegare varsle at ein må nytte noko av mindreforbruket (260 000 kr) til tilskotsordninga «Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar» i denne tilskotsordninga i 2017, og «Diverseposten» må også nyttast noko av i denne tildelinga i november.